

Vår ref.:  
24/01559-17

Dato:  
19.11.24

## Referat frå IDF-møte 18.11.2024 - styresaker

Tid: kl. 08.00-09.30 på Zoom

### Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane (Tillitsvalde)

- Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet
- Jan Ove Mjånes, Akademikerne
- Tone Skjerdal, NTL/LO-stat
- Karl-Eric Melander, Parat/YS-stat
- Karin Bell, Hovudverneombod (HVO)

Frå arbeidsgjevar:

- Gunnar Yttri, Rektor
- Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
- Anette Fristad, Avdelingsleiar HR
- Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar HR (referent)

### **0/24-B - Godkjenning av innkalling og sakliste til styremøte 7/2024**

### **51/24-B - Godkjenning av etablering - Joint Master in Health Equity**

Rektor orienterte.

### **52/24-B - Mellombels forskrift om lengre sensurfrist for nasjonal delksamen for barnevernsfaglege masterar**

Rektor orienterte.

### **53/24-B - Oppnemning av valstyre i perioden 1. januar 2025 til 31. desember 2028**

Postadresse  
Høgskulen på Vestlandet  
Postboks 7030  
5020 Bergen  
post@hvl.no

Avdeling  
HR - Avdeling for  
HR

Saksbehandlar  
Wenche Fjørtoft  
Telefon:  
+47 57 67 61 20

Arbeidsgjevar orienterte.

Tillitsvalde støttar samansetninga, men saknar informasjon om kva valstyrets oppgåver.

#### **54/24-B - Endring i Systematisk kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane ved Høgskulen på Vestlandet**

Rektor orienterte.

#### **55/24-B - Rapport om studentopptak og rekrutteringsarbeidet 2024**

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Studentgruppene er ulike, heiltidsstudentar har gjerne andre oppfatningar enn dei som er nettstudentar eller på deltid. Det kan vere ulike svar på spørsmåla frå dei ulike studentgruppene. Ved seinare undersøkingar kan det vere interessant å få vite meir om kva nettstudentane og dei samlingsbaserte studentane seier.

HVO: Studentrekruttering handlar mykje om tidlegare studentar si erfaring med høgskulen, og derfor er det viktig at vi tek vare på studentane slik vi få godt renommé frå studentane.

#### **56/24-B - Budsjett for 2025**

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Dette er ei velskriven sak, som er lettfatteleg og gjev eit godt oversyn. Det er gledeleg at dei tiltaka vi har arbeidd med har gitt effekt. Her har det vore ytt stor innsats frå tilsette og leiarar. Positivt at inntektsprognosane frametter er betre. I framhaldet må vi ha merksemd på kompetanse- og karriereutvikling.

HVO: Det er fint at vi har gjort eit godt arbeid og fått betring i den økonomiske situasjonen i 2024. Vi har blitt færre tilsette og frametter blir det viktig at vi klarer å prioritere. Det er ei leiaroppgåve å organisere arbeidet slik at arbeidspresset ikkje går utover arbeidsmiljøet til tilsette.

#### **57/24-B - Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer ved HVL for studieåret 2025/26. Nulloptak for studieåret 2025/26.**

Rektor orienterte.

Tillitsvalde viser til at det ligg føre følgjeforsking for samlingsbasert GLU. Kvifor har det teke så lang tid før ein tek opp i seg funna i følgjeforskinga? Vi skulle ha etablert ein ny samlingsbasert GLU som tek opp i seg desse endringane.

HVO: Kanskje vi bør tørre å sjå på kva studentane etterspør og våge å ta dei stega som gjer at vi får studium som studentane vil ha, samstundes som vi tek vare på dei tilsette? Vi må våge å gjere endringar,

#### **58/24-B - Leiarstruktur på verksemdsnivå og styringsmodell i fakulteta**

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Viss ein skal gjere strukturelle endringar, så må ein oppnå vesentlege positive effektar. Støttar rektor i at det ikkje bør gjerast strukturelle endringar no, og at ein ser på ordning med fakultetsstyre når ein har oppnådd universitetsstatus.

HVO: Dette er ei godt skriven sak. Bra med tydeleg rolleavklaring mellom prorektorar og direktørar. Vi må vere førebudd på reaksjonar frå tilsette på at leiinga vert skjerma når administrativt og vitenskapleg tilsette får eit større arbeidspress fordi dei blir færre.

### **59/24-B - Strategisk forskingsatsing ved HVL**

Rektor orienterte.

Tillitsvalde stilte spørsmål ved korleis forskingskomponenten er utrekna. Det kjem ikkje tydeleg fram om ein tek andelen av ekstern finansiering i dei ulike fakulteta. Kven får utteljing ved forskingsprosjekt på tvers av fakulteta?

HVO: Helse, miljø og tryggleik må tydlegare inn i forskingsprosjekta.

### **Orienteringssaker**

#### **O-54/24 - Universitetsprosjektet - status og veien vidare høstsemester 2025**

Rektor orienterte.

### **Referatsaker**

#### **O-55/24 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 7/2024**

#### **O-56/24 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 7/2024**

#### **O-57/24 - Referatsaker - styremøte 7/2024**